

## Halvårsrapport pr. 30.06.2024



## Innhold

|   |    |
|---|----|
| Innhald.....  | 2  |
| Melding frå styret.....                                     | 3  |
| Resultat.....   | 3  |
| Balansen .....  | 3  |
| Misleghald, tapsnedskrivningar og tap .....                 | 4  |
| Kapitaldekning.....   | 4  |
| Utsiktene for resten av året .....                          | 4  |
| Rekneskap .....   | 5  |
| Resultatrekneskap .....                                     | 5  |
| Balanse .....   | 6  |
| Resultatanalyse .....                                       | 7  |
| Nøkkeltal.....  | 8  |
| Eigenkapital .....  | 9  |
| Noter .....   | 10 |
| Note 1 Rekneskapsprinsipp .....                             | 10 |
| Note 2 Utlån til kundar .....                               | 10 |
| Note 3 Verdipapir .....                                     | 13 |
| Note 4 Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring ..... | 15 |
| Note 6 Ansvarlig kapital og kapitalkrav .....               | 17 |

# Melding frå styret

## Resultat

Luster Sparebank legg fram eit resultat for første halvår 2024 på kr 34,2 mill. Tilsvarande resultat på same tidspunkt i fjor var kr 31,4 mill. Det er i hovudsak auka rentenetto som er årsak til resultatforbetringa. Banken har pr. 30.06.2024 oppnådd ein rentenetto på kr. 55,6 mill. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 2,44 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen på kr. 47,7 mill., tilsvarande 2,12 % av gfk. Auken i rentenetto i kroner skuldast høgare lånevolum og betre rentemargin. I tillegg har banken i 2. kvartal gjort endringar i forvaltninga av likviditetsporteføljene. Tidlegare har banken investert i obligasjonsfond. Avkastninga av desse fonda er blitt inntektsført under posten vinst/tap verdipapir. Banken har no gått over til å investere direkte i obligasjonar. Verdiendringar blir då ført under posten vinst/tap verdipapir, mens rentene blir ført som ein del av rentenettoen og bidreg til å auke denne.

Netto andre driftsinntekter er på kr 16,3 mill. pr. 30.06.2024, ein nedgang på kr 3,1 mill. samanlikna med 30.06.2023. Hovudårsaka til dette er lågare utbytte frå banken sine produktselskap.

Samla driftskostnader har auka samanlikna med fjoråret. Banken nyttar meir ressursar enn tidlegare på tiltak mot kvitvasking og svindel. Dette har bidrege til auka løns- og IT-kostnader. I tillegg har kostnadane knytt til marknadsføring auka.

Kostnadsprosenten pr 30.06.2024 er på 41,32 %. På same tidspunkt i fjor var kostnadsprosenten på 39,24 %. Sjølv om kostnadsprosenten har auka, er den låg i forhold til gjennomsnittleg kostnadsprosent for bankar på same storleik.

Under rekneskapsposten tap er det inntektsført kr 0,7 mill. pr 30.06.2024. Kostnadsført tap på same tidspunkt i fjor var på kr 1,51 mill.

Resultat etter skatt pr 30.06.2024 på kr 34,2 mill. gir ein eigenkapitalrentabilitet på 9,44 %. På same tidspunkt fjor var eigenkapitalrentabiliteten etter skatt på 9,55 %. Det gode resultatet banken oppnådde i 2023 er i det vesentlege halde tilbake i verksemda. Dette har auka banken sin eigenkapital. Den auka eigenkapitalen forklarar kvifor eigenkapitalrentabiliteten går ned sjølv om resultatet er betre enn i fjor.

## Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 30.06.2024 er på kr 4.718,4 mill. Forvaltningskapitalen har auka med kr 85,5 mill. (2,45 %) siste 12 månadar. Forretningskapitalen som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 30.06.2024 på kr 5.485,6 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 152,4 mill. (2,86 %).

Brutto utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 3.884,9 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 182,6 mill. eller 4,99 %. Utanfor balansen har banken pr. 30.06.2024 overført kr 767,3 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 700,4 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed auka med kr 249,5 mill. eller 5,72 % dei siste 12 månadane. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 30.06.2024 er fordelt med 27,3 % til næringskundar og 72,7 % til personmarknadskundar. På same tidspunkt i fjor var tilsvarande fordeling 27,8 % til næringskundar og 72,2 % til personmarknadskundar. Innskot frå kundar

er bokført med kr 3.623,0 mill. Veksten siste året er på kr 141,2 mill. eller 4,1 %. Banken sin innskotsdekning pr 30.06.2024 er på 94,2 %. Banken har langsiktig lånt inn kr 115,5 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har uteståande obligasjonslån for kr 210,9 mill.

### Misleghald, tapsnedskrivningar og tap

Misleghaldne og tapsutsette engasjement utlån utgjør kr 67,2 mill. kr. pr. 30.06.2024. Dette er ein nedgang med kr 10,1 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar har gått ned med kr 1,9 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har ikkje endra kreditttrisikoprofil så langt i 2024.

### Kapitaldekning

Luster Sparebank nyttar standardmetoden for kredittisiko og basismetoden for operasjonell risiko.

Pr. 30.06.2024 har banken ein ansvarleg kapital på kr 611,8 mill. Heile banken sin ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Med eit berekningsgrunnlag på kr 2.357,7 mill. gir dette ei rein kjernekapitaldekning på 25,95 %.

Perioderesultatet så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapen ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 30.06.2024 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 27,50 %.

Luster Sparebank rapporterer også kapitaldekning på konsolidert nivå. På konsolidert nivå inngår banken sine eigarandelar i dei samarbeidande finansinstitusjonane Brage Finans AS og Verd Boligkreditt AS. Etter konsolidering har Luster Sparebank ei rein kjernekapitaldekning på 23,64 %, kjernekapitaldekning på 24,15 % og ei kapitaldekning på 24,76 %.

### Utsiktene for resten av året

Luster Sparebank held fram den positive resultatutviklinga frå 2023 i første halvår 2024. Banken sin finansielle stilling er svært god.

Etter fleire år med eit svært lågt rentenivå, har auka prisvekst bidrege til at rentene både i Norge og internasjonalt har auka betydeleg dei seinare åra. Det er no teikn til at inflasjonen er avtakande. Det er likevel framleis uvisse knytt til vidare utvikling i rentenivå og økonomisk aktivitet. Høg prisvekst kombinert med eit høgare rentenivå og utsikter til lågare økonomisk vekst har bidrege til redusert forbruk og investeringar samt svekka gjeldsbetjeningsevne. Dette har så langt ikkje hatt negativ innverknad på kredittkvaliteten i banken sin utlånsportefølje. Det vert viktig å halda fram det gode arbeidet med overvaking og oppfølging av kredittrisikoen i utlånsporteføljen også frametter.

Kredittveksten i norsk økonomi er låg, og det er sterk konkurranse mellom bankane. Det er gledeleg å registrera at banken sitt løysingsforslag til kundane står seg godt gjennom god kunde- og utlånsvekst, samstundes som banken leverer eit godt økonomisk resultat. Med kunden i fokus og god kontroll på kostnadane skal banken framleis vera ein føretrekt leverandør av finansielle tenester. Luster Sparebank skal vera ein god og løysingsorientert medspelar som bidreg til at både eksisterande og nye kundar kjenner økonomisk tryggleik og kan realisera sine draumar i tråd med banken sin visjon - «Saman når me måla dine!».

**Gaupne, 14.08.2024**

**I styret for Luster Sparebank**

Svein Ove Slinde  
Styreleiar

Ove Nyland

Siri Johanne Solberg Dalehaug

Anette Stegegjerdet Norberg

Evelyn Bukve Gunnestad

Jermund Lien Molland  
Banksjef

**RESULTATREKNESKAP**

| (Tal i heile 1.000)   | Note     | 30.06.24      | 30.06.23      | Q2 24         | Q2 23         | 31.12.23       |
|---|----------|---------------|---------------|---------------|---------------|----------------|
| Renteinntekter og liknande inntekter                                  |          | 122.134       | 91.501        | 62.872        | 47.305        | 202.657        |
| Rentekostnader og liknande kostnader                                  |          | 66.561        | 43.784        | 34.415        | 23.340        | 100.515        |
| <b>Netto renteinntekter</b>   |          | <b>55.573</b> | <b>47.717</b> | <b>28.457</b> | <b>23.965</b> | <b>102.142</b> |
| Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester                     |          | 7463          | 7975          | 3801          | 3962          | 15943          |
| Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester                     |          | -1125         | -974          | -678          | -491          | -2097          |
| Utbytte og andre innt av eigenkapitalinstrument                       |          | 3461          | 5461          | 2491          | 3178          | 6532           |
| Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument |          | 6.413         | 6.697         | 1.683         | 2.520         | 23.196         |
| Andre driftsinntekter   |          | 120           | 0             | 120           | 0             | 111            |
| <b>Netto andre driftsinntekter</b>                                    |          | <b>16.332</b> | <b>19.159</b> | <b>7.417</b>  | <b>9.169</b>  | <b>43.685</b>  |
| Løn og andre personalkostnader  |          | 11.493        | 10.235        | 4.867         | 4.213         | 24.044         |
| Andre driftskostnader   |          | 15.286        | 13.030        | 7.843         | 6.379         | 25.986         |
| Ordinære avskrivningar  |          | 281           | 351           | 122           | 174           | 640            |
| <b>Sum driftskostnader</b>  |          | <b>27.060</b> | <b>23.616</b> | <b>12.832</b> | <b>10.766</b> | <b>50.670</b>  |
| <b>Tap på utlån, garantiar o.l.</b>                                   | <b>2</b> | <b>-690</b>   | <b>1.509</b>  | <b>-848</b>   | <b>896</b>    | <b>6.040</b>   |
| <b>Resultat før skatt</b>   |          | <b>45.535</b> | <b>41.751</b> | <b>23.890</b> | <b>21.472</b> | <b>89.117</b>  |
| <b>Skattekostnad</b>  |          | <b>11.384</b> | <b>10.438</b> | <b>5.972</b>  | <b>5.368</b>  | <b>20.378</b>  |
| <b>Resultat før andre inntekter og kostnader</b>                      |          | <b>34.151</b> | <b>31.313</b> | <b>17.918</b> | <b>16.104</b> | <b>68.739</b>  |
| <b>Utvida resultat</b>  |          |               |               |               |               |                |
| Andre inntekter og kostnader  |          | 33            | 41            | 27            | -4            | 1.145          |
| <b>Totalresultat</b>  |          | <b>34.184</b> | <b>31.354</b> | <b>17.945</b> | <b>16.100</b> | <b>69.884</b>  |

**BALANSE**

(Tal i heile 1.000)

| <b>EIGENDELER</b>   | <b>Note</b> | <b>30.06.24</b>  | <b>30.06.23</b>  | <b>31.12.23</b>  |
|---|-------------|------------------|------------------|------------------|
| Kontantar og fordringar på sentralbankar                                |             | 78.179           | 75.767           | 74.405           |
| Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak |             | 232.262          | 235.662          | 242.167          |
| Utlån til og fordringar på kundar                                       | 2           | 3.819.989        | 3.635.503        | 3.651.146        |
| Renteberande verdipapir   | 3           | 262.765          | 0                | 0                |
| Obligasjons- og pengemarknadsfond                                       | 3           | 115.352          | 483.531          | 319.751          |
| Aksjar og grunnfondsbevis   | 3           | 180.886          | 166.615          | 173.827          |
| Varige driftsmidlar   |             | 6.865            | 7.271            | 7.008            |
| Eigendeler ved utsatt skatt   |             | 3.876            | 9.890            | 3.876            |
| Andre eigendeler  |             | 18.188           | 18.587           | 18.178           |
| <b>SUM EIGENDELER</b>   |             | <b>4.718.362</b> | <b>4.632.826</b> | <b>4.490.358</b> |
| <b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>  |             |                  |                  |                  |
| Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak                 | 5           | 115.512          | 146.149          | 146.424          |
| Innskot og andre innlån frå kundar                                      | 4           | 3.623.037        | 3.481.872        | 3.372.976        |
| Gjeld stifta ved å utstede verdipapir                                   | 5           | 210.962          | 281.282          | 210.952          |
| Anna gjeld  |             | 11.770           | 17.468           | 15.906           |
| Avsetningar   |             | 12.957           | 29.602           | 32.472           |
| <b>Sum gjeld</b>  |             | <b>3.974.238</b> | <b>3.956.373</b> | <b>3.778.730</b> |
| <b>Sum eigenkapital</b>   |             | <b>744.124</b>   | <b>676.453</b>   | <b>711.628</b>   |
| <b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>  |             | <b>4.718.362</b> | <b>4.632.826</b> | <b>4.490.358</b> |
| <b>Garantiansvar</b>  |             | <b>33.522</b>    | <b>43.455</b>    | <b>38.959</b>    |
| <b>Pantsetjingar</b>  |             | <b>262.765</b>   | <b>185.553</b>   | <b>256.964</b>   |
| <b>Lån overført til Verd Boligkreditt AS</b>                            |             | <b>767.257</b>   | <b>700.391</b>   | <b>773.569</b>   |
| <b>Gjennomsnitleg forvaltningskapital</b>                               |             | <b>4.588.414</b> | <b>4.535.627</b> | <b>4.538.147</b> |

**RESULTATANALYSE**

| (i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital)                    | 30.06.2024     | 30.06.2023    | 31.12.2023    |
|---|----------------|---------------|---------------|
| Renteinntekter og liknande inntekter                                  | 5,35 %         | 4,07 %        | 4,47 %        |
| Rentekostnader og liknande kostnader                                  | 2,92 %         | 1,95 %        | 2,21 %        |
| <b>Netto renteinntekter</b>   | <b>2,44 %</b>  | <b>2,12 %</b> | <b>2,25 %</b> |
| Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester                     | 0,33 %         | 0,35 %        | 0,35 %        |
| Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester                     | -0,05 %        | -0,04 %       | -0,05 %       |
| Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument                  | 0,15 %         | 0,24 %        | 0,14 %        |
| Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument | 0,28 %         | 0,30 %        | 0,51 %        |
| Andre driftsinntekter   | 0,01 %         | 0,00 %        | 0,00 %        |
| <b>Netto andre driftsinntekter</b>                                    | <b>0,72 %</b>  | <b>0,85 %</b> | <b>0,96 %</b> |
| Løn og andre personalkostnader  | 0,50 %         | 0,46 %        | 0,53 %        |
| Andre driftskostnader   | 0,67 %         | 0,58 %        | 0,57 %        |
| Ordinære avskrivningar  | 0,01 %         | 0,02 %        | 0,01 %        |
| <b>Sum driftskostnader før tap på utlån</b>                           | <b>1,19 %</b>  | <b>1,05 %</b> | <b>1,12 %</b> |
| <b>Tap på utlån, garantiar o.l.</b>                                   | <b>-0,03 %</b> | <b>0,07 %</b> | <b>0,13 %</b> |
| <b>Driftsresultat før skatt</b>                                       | <b>2,00 %</b>  | <b>1,86 %</b> | <b>1,96 %</b> |
| <b>Skattekostnad</b>  | <b>0,50 %</b>  | <b>0,46 %</b> | <b>0,45 %</b> |
| <b>Resultat etter skatt</b>   | <b>1,50 %</b>  | <b>1,39 %</b> | <b>1,51 %</b> |
| <b>Utvida resultat</b>  |                |               |               |
| Andre inntekter og kostnader  | 0,00 %         | 0,00 %        | 0,03 %        |
| <b>Totalresultat</b>  | <b>1,50 %</b>  | <b>1,39 %</b> | <b>1,54 %</b> |

| <b>NØKKELTAL</b>  | <b>30.06.2024</b> | <b>30.06.2023</b> | <b>31.12.2023</b> |
|---|-------------------|-------------------|-------------------|
| <b>Rentabilitet og effektivitet</b>                         |                   |                   |                   |
| Eigenkapitalrentabilitet etter skatt                        | 9,44 %            | 9,55 %            | 10,12 %           |
| Kostnadsprosent eksklusiv verdiendring verdipapir           | 41,32 %           | 39,24 %           | 41,32 %           |
| Kostnadsprosent inkludert verdiendring på verdipapir        | 37,63 %           | 35,46 %           | 34,75 %           |
| <b>Soliditet</b>  |                   |                   |                   |
| Eigenkapital i % av forvaltningskapital                     | 15,77 %           | 14,60 %           | 15,85 %           |
| Konsolidert rein kjernekapitaldekning                       | 23,64 %           | 22,20 %           | 24,97 %           |
| Konsolidert kjernekapitaldekning                            | 24,15 %           | 22,46 %           | 25,30 %           |
| Konsolidert kapitaldekning                                  | 24,76 %           | 22,91 %           | 25,73 %           |
| Konsolidert uvekta kjernekapital                            | 11,80 %           | 10,92 %           | 12,37 %           |
| <b>Vekst siste 12 måneder</b>                               |                   |                   |                   |
| Vekst i utlån på egen balanse                               | 4,99 %            | 4,34 %            | 3,43 %            |
| Vekst i utlån inkludert overføring til kredittforetak       | 5,72 %            | 2,33 %            | 2,40 %            |
| Vekst i innskot   | 4,05 %            | 4,38 %            | 3,80 %            |
| Vekst i forvaltning   | 1,85 %            | 3,05 %            | 2,72 %            |
| Vekst i forvaltning inkludert overføring til kredittforetak | 2,86 %            | 3,30 %            | 1,96 %            |
| <b>Likviditet</b>   |                   |                   |                   |
| Innskotsdekning   | 94,23 %           | 95,07 %           | 91,63 %           |
| Innskotsdekning inkludert lån overført til kredittforetak   | 78,55 %           | 79,81 %           | 75,72 %           |
| LCR   | 220,05 %          | 206,42 %          | 267,92 %          |
| NSFR  | 146,50 %          | 142,55 %          | 147,00 %          |



**ENDRING I EIGENKAPITAL**

(Tal i heile 1.000)

|   | Udisponert<br>resultat | Fond for<br>urealiserte<br>gevinster | Bankens<br>fond | Gavefond      | Sum<br>eigen-<br>kapital |
|---|------------------------|--------------------------------------|-----------------|---------------|--------------------------|
| <b>Eigenkapital pr. 31.12.2022</b>            | <b>0</b>               | <b>42.713</b>                        | <b>580.186</b>  | <b>23.715</b> | <b>646.615</b>           |
| Resultat før andre inntekter og kostnader     | 0                      | 6.162                                | 62.577          | 0             | <b>68.739</b>            |
| Poster ført over andre inntekter og kostnader | 0                      | 0                                    | 1.145           | 0             | <b>1.145</b>             |
| Avsetnad til gåver                            | 0                      | 0                                    | -5.500          | 5.500         | <b>0</b>                 |
| Gåver utdelt av styret i 2023                 | 0                      | 0                                    | 0               | -4.871        | <b>-4.871</b>            |
| <b>Eigenkapital pr. 31.12.2023</b>            | <b>0</b>               | <b>48.875</b>                        | <b>638.409</b>  | <b>24.344</b> | <b>711.628</b>           |
| Resultat før andre inntekter og kostnader     | 34.151                 | 0                                    | 0               | 0             | <b>34.151</b>            |
| Poster ført over andre inntekter og kostnader | 33                     | 0                                    | 0               | 0             | <b>33</b>                |
| Avsetnad til gåver                            | 0                      | 0                                    | 0               | 0             | <b>0</b>                 |
| Gåver utdelt av styret så langt i 2024        | 0                      | 0                                    | 0               | -1.688        | <b>-1.688</b>            |
| <b>Eigenkapital pr. 30.06.2024</b>            | <b>34.184</b>          | <b>48.875</b>                        | <b>638.410</b>  | <b>22.656</b> | <b>744.124</b>           |

## Noter

### NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Rekneskap er utarbeida i samsvar med IAS 34 delårsrapportering og IFRS som fastsett i "Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak". Delårsrekneskap er ikkje revidert.

Banken vil unnlate å gi følgjande noteopplysningar etter IFRS:

1. IFRS 13. Det blir i staden gitt opplysningar om verkeleg verdi i samsvar med forskrift § 7-3.
2. IFRS 15.113-128
3. IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147.

Delårsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande IFRS-standarder og IFRIC-tolkingar. Delårsrekneskapet omfattar ikkje all informasjon som blir krevd i eit fullstending årsrekneskap. Ein bør difor lese delårsrekneskap og siste årsrekneskap i samanheng.

#### Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle må ta forutsetningar og må nytte estimat og skjønsmessige vurderingar. Estimat og skjønsmessige vurderingar blir evaluert løpande og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som blir vurdert som sannsynlege på tidspunkt for utarbeiding av balansen. Det er knytt usikkerheit til dei forutsetningar og forventningar som ligg til grunn for brukte estimat og skjønsmessige vurderingar. I årsrekneskapen er det redegjort nærmare for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tall er i kr 1.000 om ikkje anna er oppgitt.

### NOTE 2 UTLÅN TIL KUNDAR

#### Fordeling av brutto utlån til kundar fordelt på trinn

|                                     | Trinn 1          | Trinn 2        | Trinn 3       | Sum              |
|-------------------------------------|------------------|----------------|---------------|------------------|
| <b>Inngående balanse 01.01.2024</b> | <b>3.160.644</b> | <b>444.964</b> | <b>75.381</b> | <b>3.680.991</b> |
| Overført til trinn 1                | 116.316          | -116.292       | -24           | 0                |
| Overført til trinn 2                | -177.916         | 177.916        | 0             | 0                |
| Overført til trinn 3                | -956             | -3.709         | 4.665         | 0                |
| Netto endring                       | -53.655          | -4.806         | -8.198        | -66.659          |
| Nye lån                             | 659.800          | 35.338         | 3.220         | 698.358          |
| Frårekna lån                        | -408.123         | -50.686        | -8.969        | -467.778         |
| <b>Utgående balanse 30.06.2024</b>  | <b>3.296.110</b> | <b>482.725</b> | <b>66.075</b> | <b>3.844.911</b> |

**Utlån til kundar fordelt på sektor og næring**

|  | <b>30.06.2024</b> | <b>30.06.2023</b> | <b>31.12.2023</b> |
|--|-------------------|-------------------|-------------------|
| Personkundar                                 | 2.793.399         | 2.642.413         | 2.656.199         |
| Offentleg sektor                             | 6.386             | 8.786             | 7.588             |
| Finans og andre sektorar                     | 8.535             | 12.134            | 8.753             |
| <b>Næring</b>                                |                   |                   |                   |
| - Primærnæring                               | 167.949           | 152.899           | 158.998           |
| - Industri                                   | 38.815            | 42.127            | 33.138            |
| - Kraftproduksjon                            | 29.949            | 30.923            | 30.446            |
| - Bygg og anlegg                             | 142.650           | 202.455           | 180.783           |
| - Handel                                     | 48.926            | 46.740            | 47.636            |
| - Hotell og restaurantdrift                  | 67.833            | 70.068            | 66.680            |
| - Transport                                  | 27.219            | 26.147            | 27.846            |
| - Eigedomsdrift                              | 450.172           | 372.951           | 406.937           |
| - Andre tenesteytande næringar               | 56.179            | 52.866            | 54.170            |
| - Interesseorganisasjonar                    | 6.899             | 1.783             | 1.817             |
| <b>Sum utlån før nedskrivningar</b>          | <b>3.844.911</b>  | <b>3.662.292</b>  | <b>3.680.991</b>  |
| Trinn 1 nedskrivningar                       | -6.722            | -7.857            | -7.450            |
| Trinn 2 nedskrivningar                       | -3.904            | -2.913            | -2.933            |
| Trinn 3 nedskrivningar                       | -14.296           | -16.019           | -19.462           |
| <b>Sum utlån til og fordringar på kundar</b> | <b>3.819.989</b>  | <b>3.635.503</b>  | <b>3.651.146</b>  |
| Overført til Verd Boligkreditt AS            | 767.257           | 700.391           | 773.569           |
| <b>Totale utlån</b>                          | <b>4.587.246</b>  | <b>4.335.894</b>  | <b>4.424.715</b>  |

**Kredittforringa engasjement****Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar**

|  | <b>30.06.2024</b> | <b>30.06.2023</b> | <b>31.12.2023</b> |
|--|-------------------|-------------------|-------------------|
| Misleghald næringlivskundar            | 34.022            | 38.500            | 45.108            |
| Misleghald personkundar                | 1.500             | 1.340             | 5.799             |
| <b>Brutto misleghaldne engasjement</b> | <b>35.522</b>     | <b>39.840</b>     | <b>50.907</b>     |
| Individuelle nedskrivningar (trinn 3)  | -8.947            | -15.209           | -13.940           |
| <b>Netto misleghaldne engasjement</b>  | <b>26.575</b>     | <b>24.631</b>     | <b>36.967</b>     |

**Engasjement som er tapsutsett men ikkje misleghaldne**

|   | <b>30.06.2024</b> | <b>30.06.2024</b> | <b>31.12.2023</b> |
|---|-------------------|-------------------|-------------------|
| Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement       | 31.670            | 37.431            | 25.576            |
| Individuelle nedskrivningar (trinn 3)                   | -5.411            | -876              | -5.598            |
| <b>Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement</b> | <b>26.259</b>     | <b>36.555</b>     | <b>19.978</b>     |

**Kreditttap på utlån, garantiar og unytta kredittrammer til kunder**

|   | Trinn 1<br>Modellbasert<br>12 mnd. Tap | Trinn 2<br>Modellbasert<br>livstid tap | Trinn 3<br>Modellbasert<br>livstid tap | Trinn 3<br>Individuelt<br>vurdert | Sum<br>nedskrivningar |
|---|--|--|--|-----------------------------------|-----------------------|
| <b>Nedskrivningar og avsetningar Inngående balanse 01.01.2024</b> | <b>9.823</b>                           | <b>3.093</b>                           | <b>388</b>                             | <b>19.150</b>                     | <b>32.454</b>         |
| Overføringer:   |  |  |  |                                   |                       |
| Overført til trinn 1  | 511                                    | -511                                   | 0                                      | 0                                 | 0                     |
| Overført til trinn 2  | -843                                   | 843                                    | 0                                      | 0                                 | 0                     |
| Overført til trinn 3  | -3                                     | -5                                     | 8                                      | 0                                 | 0                     |
| Netto endring   | -527                                   | 721                                    | 2.602                                  | -4.995                            | -2.199                |
| Nye tap   | 1.428                                  | 271                                    | 85                                     | 0                                 | 1.784                 |
| Frårekna tap  | -1.278                                 | -226                                   | -2.627                                 | -251                              | -4.382                |
| Endring i risikomodell/parametre                                  | -8                                     | -7                                     | -2                                     | 0                                 | -17                   |
| Andre endringar   | 0                                      | 0                                      | 0                                      | 0                                 | 0                     |
| <b>Utgående balanse 30.06.2024</b>                                | <b>9.103</b>                           | <b>4.179</b>                           | <b>454</b>                             | <b>13.904</b>                     | <b>27.640</b>         |
| Verdijustert over andre inntekter kostnader                       | 1.529                                  | 0                                      | 0                                      | 0                                 | 1.529                 |
| <b>Sum nedskrivningar og avsetningar pr 30.06.2024</b>            | <b>7.574</b>                           | <b>4.179</b>                           | <b>454</b>                             | <b>13.904</b>                     | <b>26.111</b>         |
| Konstatert tap  | 0                                      | 0                                      | 0                                      | 0                                 | 0                     |
| Inngått på tidligare konstaterte tap                              | 0                                      | 0                                      | 0                                      | -729                              | -729                  |
| Nedskrivningar på balansef. utlån til kunder                      | 6.722                                  | 3.904                                  | 392                                    | 13.904                            | 24.922                |
| Avsetningar på garantiar og unytta kredittar til kunder           | 852                                    | 275                                    | 62                                     | 0                                 | 1.189                 |
| <b>Sum nedskrivningar/avsetningar 30.06.2024</b>                  | <b>7.574</b>                           | <b>4.179</b>                           | <b>454</b>                             | <b>13.904</b>                     | <b>26.111</b>         |

| <b>Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar</b>     | <b>30.06.2024</b> | <b>30.06.2023</b> | <b>31.12.2023</b> |
|---|-------------------|-------------------|-------------------|
| Endring i nedskrivningar og avsetningar i trinn 1 og 2        | 366               | 250               | 351               |
| Endring i nedskrivningar og avsetningar i trinn 3             | -4.503            | 1.249             | 5.096             |
| Konstaterte tap med tidlegare nedskrivning                    | 4.175             | 0                 | 543               |
| Konstaterte tap utan tidlegare nedskrivningar                 |                   | 40                | 82                |
| Inngang på tidlegare konstaterte tap                          | -728              | -30               | -32               |
| <b>Sum resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar</b> | <b>-690</b>       | <b>1.509</b>      | <b>6.040</b>      |

### NOTE 3 VERDIPAPIR

Denne noten gir informasjon om kva metode som blir nytta til å måle banken sine verdipapir. Banken sine verdipapir blir delt inn i tre grupper eller nivå.

#### Nivå 1

Verdipapira i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av observerbare marknadsvardiar. Banken verdsetter børsnoterte aksjar og fond etter denne metoden

#### Nivå 2

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av verdsetjingsteknikkar der forutsetningane er basert direkte eller indirekte på observerbare marknadsdata. Pr 31.03.2024 har ikkje banken verdipapir som blir verdsett etter denne metoden.

#### Nivå 3

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av vurderingar der observerbare marknadsdata ikkje inngår. For dei fleste av verdipapira i denne gruppa har banken verdsett verdipapira til banken sin andel av den bokførte eigenkapitalen i selskapa.

| Verdipapir pr 30.06.2024                      | Antall    | Verkeleg verdi<br>(i heile 1000) | Verdsettjingshirarki |                |                |
|---|-----------|----------------------------------|----------------------|----------------|----------------|
|   |           |                                  | Nivå 1               | Nivå 2         | Nivå 3         |
| <b>Obligasjonar</b>                           |           | <b>262.765</b>                   | <b>0</b>             | <b>262.765</b> | <b>0</b>       |
| <b>Obligasjons og pengemarkedsfond</b>        |           |                                  |                      |                |                |
| Storebrand Likviditet                         | 4.930     | 50.926                           | 50.926               | 0              | 0              |
| Odin Likviditet                               | 62.586    | 64.426                           | 64.426               | 0              | 0              |
| <b>Sum obligasjons og pengemarknadsfond</b>   |           | <b>115.352</b>                   | <b>115.352</b>       | <b>0</b>       | <b>0</b>       |
| <b>Aksjar og grunnfondsbevis</b>              |           |                                  |                      |                |                |
| Balder Betaling AS                            | 234.705   | 7.195                            | 0                    | 0              | 7.195          |
| Brage Finans AS                               | 2.242.581 | 59.958                           | 0                    | 0              | 59.958         |
| DNB Bank ASA                                  | 15.942    | 3.343                            | 3.343                | 0              | 0              |
| Eiendoms kreditt AS                           | 99.222    | 16.765                           | 0                    | 0              | 16.765         |
| Frende Holding AS                             | 36.938    | 18.416                           | 0                    | 0              | 18.416         |
| Gjensidige Forsikring ASA                     | 11.193    | 2.136                            | 2.136                | 0              | 0              |
| Lerum Brygge AS                               | 4.000     | 1.250                            | 0                    | 0              | 1.250          |
| Luster Energiverk AS                          | 1.374     | 17.862                           | 0                    | 0              | 17.862         |
| Norne Securities AS                           | 119.758   | 975                              | 0                    | 0              | 975            |
| Verd Boligkreditt AS                          | 45.543    | 48.386                           | 0                    | 0              | 48.386         |
| Visa  |           | 1.023                            | 0                    | 0              | 1.023          |
| Flekkefjord Sparebank                         | 9.853     | 1.069                            | 0                    | 0              | 1.069          |
| Kredittforeningen for Sparebanker             | 460       | 590                              | 0                    | 0              | 590            |
| Sogn Sparebank                                | 7.600     | 1.535                            | 1.535                | 0              | 0              |
| Andre aksjer                                  |           | 383                              | 0                    | 0              | 383            |
| <b>Sum aksjar og grunnfondsbevis</b>          |           | <b>180.886</b>                   | <b>7.014</b>         | <b>262.765</b> | <b>173.873</b> |
| <b>Sum verdipapir</b>                         |           | <b>559.003</b>                   | <b>122.366</b>       | <b>262.765</b> | <b>173.873</b> |
| <b>Avstemming nivå 3</b>                      |           |                                  |                      |                |                |
| Inngående balanse 01.01                       |           |                                  |                      |                | 167.099        |
| Realisert vinst/tap                           |           |                                  |                      |                | 0              |
| Urealisert vinst/tap ført mot resultatet      |           |                                  |                      |                | 315            |
| Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat |           |                                  |                      |                | 0              |
| Investering                                   |           |                                  |                      |                | 6.459          |
| Salg  |           |                                  |                      |                | 0              |
| <b>Utgåande balanse</b>                       |           |                                  |                      |                | <b>173.873</b> |

**NOTE 4 INNSKOT FRÅ KUNDAR FORDELT PÅ SEKTOR OG NÆRING**

|                                | <b>30.06.24</b>  | <b>30.06.23</b>  | <b>31.12.23</b>  |
|--------------------------------|------------------|------------------|------------------|
| Lønstakarar                    | 2.701.437        | 2.538.237        | 2.497.489        |
| Offentleg sektor               | 176.563          | 236.956          | 168.337          |
| Finans og andre sektorar       | 85.034           | 89.609           | 85.758           |
| <b>Næring</b>                  |                  |                  |                  |
| - Primærnæring                 | 94.793           | 90.428           | 64.610           |
| - Industri                     | 24.932           | 29.141           | 22.407           |
| - Kraftproduksjon              | 125.321          | 145.659          | 137.760          |
| - Bygg og anlegg               | 98.703           | 94.589           | 123.951          |
| - Handel                       | 47.241           | 41.088           | 46.216           |
| - Hotell og resturantdrift     | 26.582           | 50.393           | 27.816           |
| - Transport                    | 13.814           | 12.540           | 13.945           |
| - Eigedomsdrift                | 109.183          | 67.160           | 74.455           |
| - Andre tenesteytande næringar | 105.920          | 77.563           | 99.811           |
| - Interesseorganisasjonar      | 13.514           | 8.509            | 10.421           |
| <b>Sum innskot</b>             | <b>3.623.037</b> | <b>3.481.872</b> | <b>3.372.976</b> |

## NOTE 5 INNLÅN FRÅ KREDITTINSTITUSJONAR OG FINANSMARKNADEN

### Innlån frå kredittinstitusjonar

Innlåna er prisa til 3M Nib + margin

|   | Opptak     | Forfall    | Margin | 30.06.24       | 30.06.23       | 31.12.23       |
|---|------------|------------|--------|----------------|----------------|----------------|
| Kredittforeningen for Sparebanker                       | 22.01.2021 | 12.04.2024 | 0,43 % | 0              | 30.000         | 30.000         |
| Kredittforeningen for Sparebanker                       | 22.01.2021 | 12.04.2024 | 0,52 % | 0              | 50.000         | 50.000         |
| Kredittforeningen for Sparebanker                       | 17.06.2021 | 11.11.2024 | 0,48 % | 35.000         | 35.000         | 35.000         |
| Kredittforeningen for Sparebanker                       | 29.10.2021 | 03.02.2026 | 0,52 % | 30.000         | 30.000         | 30.000         |
| Kredittforeningen for Sparebanker                       | 12.03.2024 | 28.09.2026 | 0,75 % | 50.000         | 0              | 0              |
| Sum gjeld til kredittinstitusjonar nominell verdi       |            |            |        | 115.000        | 145.000        | 145.000        |
| Påløpte renter  |            |            |        | 512            | 1.149          | 1.424          |
| <b>Sum gjeld til kredittinstitusjonar bokført verdi</b> |            |            |        | <b>115.512</b> | <b>146.149</b> | <b>146.424</b> |

### Gjeld stifta ved å utstede verdipapir

Obligasjonar er prisa til 3M Nib + margin

| ISIN-nr   | Opptak     | Forfall    | Margin | 30.06.24       | 30.06.23       | 31.12.23       |
|---|------------|------------|--------|----------------|----------------|----------------|
| NO0010873573  | 24.01.2020 | 24.08.2023 | 0,54 % | 0              | 70.000         | 0              |
| NO0011036766  | 25.06.2021 | 25.06.2025 | 0,53 % | 80.000         | 80.000         | 80.000         |
| NO0011150534  | 11.11.2021 | 11.11.2025 | 0,51 % | 70.000         | 70.000         | 70.000         |
| NO0010993033  | 04.05.2021 | 04.05.2026 | 0,61 % | 60.000         | 60.000         | 60.000         |
| Obligasjonslån nominell verdi                                 |            |            |        | 210.000        | 280.000        | 210.000        |
| Tilbakekjøpte obligasjoner                                    |            |            |        | 0              | 0              | 0              |
| Påløpte renter  |            |            |        | 1.032          | 1.423          | 1.054          |
| Over/underkurs  |            |            |        | -71            | -141           | -102           |
| <b>Bokført verdi av gjeld stifta ved å utstede verdipapir</b> |            |            |        | <b>210.961</b> | <b>281.282</b> | <b>210.952</b> |

### Endring i verdipapirgjeld

|  | 30.06.24       | 30.06.23       | 31.12.23       |
|--|----------------|----------------|----------------|
| Bokført verdi av verdipapirgjeld 01.01                         | 210.952        | 281.172        | 281.172        |
| Opptak av nye lån i perioden                                   | 0              | 0              | 0              |
| Forfalte eller innløyste lån i perioden                        | 0              | 0              | -70.000        |
| Innbetaling pålydande egne obligasjonar                        | 0              | 50.000         | 50.000         |
| Tilbakekjøp pålydnade egne obligasjonar                        | 0              | -50.000        | -50.000        |
| Endring over/underkurs   | 31             | 3              | 38             |
| Endring påløpte renter   | -22            | 107            | -258           |
| <b>Bokført verdi av verdipapirgjeld ved utgang av perioden</b> | <b>210.961</b> | <b>281.282</b> | <b>210.952</b> |



**NOTE 6 ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALKRAV**

|  | <b>30.06.24</b>  | <b>30.06.23</b>  | <b>31.12.23</b>  |
|--|------------------|------------------|------------------|
| Eigenkapital   | 744.124          | 676.453          | 711.628          |
| - Fradrag for resultat fordi rekneskap ikkje er revidert         | -34.184          | -31.354          | 0                |
| - Frådrag  | -98.137          | -94.433          | -96.297          |
| <b>Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)</b>                | <b>611.803</b>   | <b>550.666</b>   | <b>615.330</b>   |
| <b>Engasjementskategoriar (vekta beløp)</b>                      |                  |                  |                  |
| Statar og sentralbankar  | 0                |                  | 0                |
| Lokale og regionale myndigheiter (herunder kommunar)             | 4.931            | 1.765            | 1.525            |
| Offentleg eigde foretak  | 0                |                  | 0                |
| Institusjonar  | 47.401           | 46.241           | 47.438           |
| Foretak  | 77.818           | 57.603           | 49.683           |
| Massemarked  | 323.343          | 314.229          | 291.789          |
| Engasjement med pantetrygd i eigedom                             | 1.411.631        | 1.288.759        | 1.326.250        |
| Forfalte engasjementer   | 65.432           | 78.696           | 68.193           |
| Høgrisiko-engasjement  | 62.268           | 48.706           | 67.742           |
| Obligasjonar med fortrinnsrett                                   | 10.876           |                  | 0                |
| Institusjonar og føretak med kortsiktig rating                   | 0                |                  | 0                |
| Andeler i verdipapirfond   | 23.070           | 135.009          | 31.421           |
| Eigenkapitalposisjonar   | 89.944           | 83.366           | 90.084           |
| Øvrige engasjement   | 22.062           | 34.777           | 34.900           |
| <b>Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko</b>                  | <b>2.138.777</b> | <b>2.089.151</b> | <b>2.009.025</b> |
| <b>Berekningsgrunnlag operasjonell risiko etter basismetoden</b> | <b>218.919</b>   | <b>189.642</b>   | <b>218.919</b>   |
| <b>Sum berekningsgrunnlag</b>                                    | <b>2.357.696</b> | <b>2.278.793</b> | <b>2.227.944</b> |
| Rein kjernekapitaldekning i prosent                              | 25,95 %          | 24,16 %          | 27,62 %          |
| Kjernekapitaldekning i prosent                                   | 25,95 %          | 24,16 %          | 27,62 %          |
| Ansvarleg kapitaldekning i prosent                               | 25,95 %          | 24,16 %          | 27,62 %          |
| Uvekta kjernekapital i prosent                                   | 12,92 %          | 11,91 %          | 13,73 %          |

## Konsolidering av samarbeidande grupper

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. I andre kvartal 2024 har banken en eigarandel på 4,0 % i Verd Boligkreditt AS og 1,64 % i Brage Finans AS.

|                                       | <b>30.06.24</b>  | <b>30.06.23</b>  | <b>31.12.23</b>  |
|---------------------------------------|------------------|------------------|------------------|
| Konsolidert rein kjernekapital        | 716.944          | 632.650          | 703.093          |
| Konsolidert kjernekapital             | 732.488          | 640.105          | 712.437          |
| Konsolidert ansvarleg kapital         | 750.879          | 652.899          | 724.405          |
| <b>Konsolidert beregningsgrunnlag</b> | <b>3.032.614</b> | <b>2.850.401</b> | <b>2.815.708</b> |
| Konsolidert rein kjernekapitaldekning | 23,64 %          | 22,20 %          | 24,97 %          |
| Konsolidert kjernekapitaldekning      | 24,15 %          | 22,46 %          | 25,30 %          |
| Konsolidert ansvarleg kapitaldekning  | 24,76 %          | 22,91 %          | 25,73 %          |
| Konsolidert uvekta kjernekapital      | 11,80 %          | 10,92 %          | 12,37 %          |
| <b>Banken sine kapitalkrav</b>        | <b>30.06.24</b>  | <b>30.06.23</b>  | <b>31.12.23</b>  |
| Minstekrav rein kjernekapital         | 4,50 %           | 4,50 %           | 4,50 %           |
| Bevaringsbuffer                       | 2,50 %           | 2,50 %           | 2,50 %           |
| Systemrisikobuffer                    | 4,50 %           | 3,00 %           | 4,50 %           |
| Motsyklisk buffer                     | 2,50 %           | 2,50 %           | 2,00 %           |
| Krav til rein kjernekapital           | 14,00 %          | 12,50 %          | 14,00 %          |
| Krav til kjernekapitaldekning         | 15,50 %          | 14,00 %          | 15,50 %          |
| Krav til kapitaldekning               | 17,50 %          | 16,00 %          | 17,50 %          |
| Banken si vurdering av Pilar 2 krav   | 2,10 %           | 2,10 %           | 2,10 %           |

## Banken sine kapitalmål

Banken er ikkje underlagt Pilar 2-krav frå Finanstilsynet. Banken har eit kapitalmål på 17,5 % for rein konsolidert kjernekapital per 31.12.2024. Banken sitt minstekrav til leverage ratio er på 3 % av eksponeringsbeløpet. Sett i samanheng med forventa finansiell utvikling, regulatoriske kapitalkrav og marknaden sin forventning, har styret fastsett mål for rein kjernekapital, kjernekapital, ansvarleg kapital på konsolidert nivå. Styret har vedteke følgjande kapitalmål på konsolidert nivå:

|                                   |        |
|-----------------------------------|--------|
| Mål for rein kjernekapitaldekning | 17,5 % |
| Mål for kjernekapitaldekning      | 19,0 % |
| Mål for kapitaldekning            | 21,0 % |